

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 12.02.2014
Tidspunkt: 09:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-------------------------|-----------|---------------|
| Marta Finden Halset | Leder | VIK |
| Hans Erik Ringkjøb | Nestleder | VOSS |
| Karen Marie Hjølmeseter | Medlem | SFFK |
| Oddvar Østerbø | Medlem | HØY |
| Silje Hjemdal | Medlem | HOFK |

Merknader

Silje Hjemdal deltok ikkje i telefonmøte p.g.a tekniske problem med telefoninnkallinga. Ho deltok på møtet med svar på e-post at ho støtta innstilling frå forvaltar i sak 5/14.

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|----------------|----------|
| Anbjørg Nornes | Sekretær |

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv- saksnr |
|-------------------|---------|-------|------------------|
|-------------------|---------|-------|------------------|

| | | |
|---------|--|-----------|
| ST 4/14 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | |
| ST 5/14 | Dispensasjon til kjentmannskøyring i Stølsheimen landskapsvernområde for Vik Røde Kors | 2013/5418 |

Nytt møte i Stølsheimen verneområdestyre

Neste møte er planlagt mandag 24. mars kl. 13.00 på Oppheim på Voss. Planlagt møte 19. mars er avlyst p.g.a møtekollisjon.

ST 4/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 12.02.2014

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 5/14 Dispensasjon til kjentmannskøyring i Stølsheimen landskapsvernområde for Vik Røde Kors

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 12.02.2014

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Vik Kors Hjelpekorps løyve til:

- Inntil 2 kjentmannsturar med tre snøskuterar innan for landskapsvernområdet (1 tur før vinterferien og 1 tur før påske) i området frå Kvilesteinsvatnet – Selhamar – Åsedalen mot Bjergane.
- Sjekk av kritisk infrastruktur som sambandsutstyr på same turen som kjentmannsturen.
- Køyring kan gjennomførast i perioden veke 7 fram til og med fredag i palmehelga i åra 2014 til og med 2016.

Løyve er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, og med fylgjande vilkår:

- Omfanget av snøskuterkøyring skal avgrensast til ruta som er skissert, og til det som er strengt naudsynt. Straks køyretrase er planlagt, skal kart der ruta er teikna inn sendast til Stølsheimen verneområdestyre.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Seinast 12 timar før kjøringa startar, skal redningstjenesta senda melding om køyringa (køyreordre) til lokal redningssentral jf. retningslinjer for kjentmannskøyring i verneområde. Redningssentralen informerer forvaltninga og Statens naturoppsyn om øvinga.

- Vik Røde Kors Hjelpekorps skal gje melding til Kristoffer Ullern Hansen på e-post kristoffer.ullern.hansen@miljodir.no eller mob. 97097720 eller naturoppsyn Nils Kvamme mob. 95730615 om køyringa seinast dagen før. Dei vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane, og om naudsynt utsette køyringa av omsyn til villrein.
- Kopi av dispensasjonen skal fylgje med kvar snøskuter som deltek i køyringa, og leggjast fram ved kontroll.
- Innan 1. juni kvart år i løyveperioden skal det sendast rapport til Stølsheimen verneområdestyre om omfanget av turane med dato, tal snøskuterar og køyrerute. Forvaltinga ber om at evt. observasjonar av villrein vert teke med i rapporten.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er handsama etter verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast samtykke frå grunneigarar.